



Dato: torsdag, 15. april 2010

Soknepresten si Årsmelding 2009

Kjære vener!

Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!

8 årsmeldingar! Lat meg først i denne få takka for at eg framleis får vere dykkar prest. Eg er særst glad for den tenesta eg fekk mellom dykk, først på konstitusjon i 2002, då biskopen sende meg til Øygarden Prestegjeld mest "over natta", og så i 2003 som fast tilsett sokneprest.

Denne gongen har eg overlata til Prosten å seia noko om dei "tørre tal". Eg tenkte det kunne vere interessant å sjå vårt prestegjeld saman med heile prostiet når det gjeld dei ymse arbeidsfelt. Det ligg så på meg å gje dykk nokre ord til trøyst og oppmuntring, men dei er nok óg kall til teneste til nokon kvar:

Berre vi ikkje gjev opp!

I ei Årsmelding bør vi fokusere på vår teneste som kristne, i Guds Vingard, Kyrkja, Kyrkjelyden, Forsamlinga, Venesamfunnet eller kva vi vil kalla oss.

Då er det viktig at vi hugsar kva som er "motoren" som kan halda oss "på rute" og gjere at vi når det mål som Jesus Kristus har kalla oss til i Himmelen.

Her er nokre viktige ord som er henta frå det Paulusbrevet som kanskje aller sterkast talar om den kristne fridomen:

"...Det eit menneske sår, skal det òg hausta. Den som sår i sitt eige kjøt og blod, haustar forderving frå kjøtet, men den som sår i Anden, haustar evig liv frå Anden. Lat oss ikkje trøytne medan vi gjer det gode! Når tida kjem, skal vi hausta, berre vi ikkje gjev opp. Så lat oss gjera godt mot alle så lenge det er tid, og mest mot vår familie i trua..."(Gal.6,7b-10)

Berre vi ikkje gjev opp!

Når den store apostelen kunne tale på dette viset, skjønar vi at mismotet stundom trengde seg på i dei kyrkjelydane i Galatia(I dag Anatolia-området i Tyrkia)som Paulus skriv til.

Er vi ærlege, så veit vi nok godt om det same, vi som på ymse vis gjer teneste i Herren sin vingard¹ i Øygarden Prestegjeld. Eg tenkjer på alle i dei kyrkjelege råda, kyrkjestaben, prestetenesta og det friviljuge kristne arbeidet.

Livet er utfordrande for oss alle, og nokre utfordringar er tunge. Ikkje lett for dei som har det slik å gå glade inn i Tenesta i kyrkje og bedehus. I prestetenesta er det viktig for meg å "låne øyre" til deg som måtte ha det tungt. Og det følgjande er ikkje meint som tillegg til deg som slit med tunge bærer.

Samstundes må vi ikkje gløyma den åndelege sida ved saka. Paulus seier klårt at det å "investere" tid, krefter og økonomi i kjøtet, altså den sida av oss som står Gud i mot, fører oss på feil spor, og er feil prioritering!

¹ Om vingarden og vintreet som bibelske omgrep, sjå Jes.5,1-7, Sal. 80, 9 flg., Matt.20,1-6, Joh.15, 1 flg.
Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: sokneprest@kyrkja.net



Motsett: Det å "investere" i Anden, i Gud Herren Kristus sitt liv i oss-óg i kyrkjelyden!-
haustar evig liv!

Berre vi ikkje gjev opp!

Men korleis går dette til? Eg har ofte sitert for dykk frå Gal.5, der nett dette brevet aller
klårast står fram som "det kristne fridomsbrevet":

**"Til fridom har Kristus frigjort oss. Stå difor støtt og lat ikkje nokon tvinga dykk
inn att under slaveåket....Men vi ventar i Anden, ved tru, på den rettferda som
er vår von. For i Kristus Jesus gjeld det verken å vera omskoren eller å vera
uomskoren; her gjeld berre tru, verksam i kjærleik."(Gal.5,1+5-6)**

Det er meir om det kristne livet seinare i kapitlet, t.d. Gal.5,16-24:

**"Eg seier dykk: Lev eit liv i Anden! Då følgjer de ikkje lystene i dykkar kjøt og
blod. For det kjøtet vil, står Anden imot, og det Anden vil, står kjøtet imot. Dei
to ligg i strid med kvarandre, så de ikkje er i stand til å gjera det de vil. Men blir
de drivne av Anden, då er de ikkje under lova. Det er klårt kva slag gjerningar
som kjem frå vårt kjøt og blod: hor, umoral, usømd, avgudsdyrking, trolldom,
fiendskap, strid, sjalusi, sinne, sjølvhevdning, usemje, splittingar, misunning,
fyll, festing og meir av det slaget. Eg har sagt det før og seier det på nytt: Dei
som driv med slikt, skal ikkje arva Guds rike. Men Andens frukt er kjærleik,
glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskar, audmjukskap og sjølvdisiplin.
Slike ting er ikkje lova imot! Dei som høyrer Kristus til, har krossfest sitt kjøt og
blod med lidenskapane og lystene."**

I Gal.5,25 får vi så sjå at Heilaganden er sjølv instrumentet som kristenlivet "går rundt"
med:

"Lever vi ved Anden, så lat oss òg vandra i Anden."

Endå ei formaning får Apostelen med i dette kapitlet:

**"Lat oss ikkje vera drivne av æresjuke, så vi utfordrar og misunner kvarandre".
(Gal.5,26)**

Berre vi ikkje gjev opp!

Eg trur det er ein rett observasjon i vår lutherske kyrkjetradisjon at kostelege
trussanningar som Kristi Soning av synda, Siger over Djevelen og Døden lett vert som
fyrstikkar vi "riv av" i kristenliv og kyrkjeliv, frå preikestol til kyrkjebenk. Det vert ein
kort flamme, han brenn ei lita stund, men snart berre røyk, så ingenting.

Men Heilaganden vil meir. Han vil setje oss i "fyr og flamme"! Her er
nådegåvene(1.Kor.12, Rom.12, Ef. 4 og 1.Pet. 4) viktige, slik eg var inne på i
Årsmeldinga for 2008. Men vi må få med oss at Anden vil styre livet vårt! Det kan vi
gjere ved å synge, og be!

Jesus her er jeg - send meg
Jesus her er jeg - send meg
Jeg vil leve mitt liv i tjeneste for deg
Jesus her er jeg - send meg

Soknepresten i Øygarden



Jesus har et spørsmål og det lyder så:
Hvem skal jeg sende, hvem vil gå?
Hvem vil bære budet om at Gud er kjærlighet
si meg vil du være med?

Høsten den er moden, arbeiderne få
Hvem skal jeg sende, hvem vil gå?
Kallet gjelder alle som tror på Frelseren
Vil du være med min venn?
RDU 207, Arnold Børud, 1975

Til sist:

Eg skriv dette til dykk rett etter Påske:

Eg helsar alle dei truande og alle menneske av god vilje mellom oss med dette Ordet frå Johannesevangeliet som óg er eit "skikkeleg" trøysteord til alle som står i striden for Guds Rike:

"Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Disiplane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, synte han dei hendene sine og sida si. Disiplane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.» (Joh.20,19-23)

Berre vi ikkje gjev opp!

Med venleg helsing
Dykkar tenar i
Kristus Jesus
Svenn Martinsen



Soknepresten i Øygarden



Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor: Boks 144, 5331 Rong
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: sokneprest@kyrkja.net